

Hallo i nedslagsfeltet!

Dei siste vekene i Valdres har for ein gongs skuld vore relativt rolege. Det meste har dreia seg om å gjere seg klar til jul, noko som har ført med seg at til og med eg måtte tvinge fram mine kreative sider. Men tru det eller ei, juleverkstad og julekortmekking var faktisk mykje kjekkare enn eg hadde trudd!



Litt av julekortproduksjonen

Elles har vi også hatt våre vanlege valfag. Trampett har hittill vore det kjekkaste, der utfordringar og bratt læringskurve har gått hand i hand. I det siste har eg øvd litt på baklengs salto, men manglar enda litt trening før eg klarar å stå heilt støtt i landinga.



Øving på backflip!

Alpint valfag har også vore ein favoritt. Skulle gjerne hatt med eit bilete her også, men det har dessverre vore så utruleg kaldt siste tida at det nesten var heilt umogleg å ta fingrane ut av hanskaner for å knipse eit bilete. Gradestokken har vist rundt tjue minusgrader stort sett dagleg dei siste vekene, og den eine dagen eg ikkje hadde på meg ullbokser og stillongs då angra eg bittert.

Kulden førte også til at skiheisa i Hemsedal var stengt, og vi måtte derfor reise til Fjellhallen på Gjøvik i staden. Der fekk vi velje kva aktivitetar vi ville delta på, og eg enda opp med klatring og karate. Klatring har eg alltid hatt sansen for, medan det var mitt aller første møte med karate. Eg har lenge hatt lyst til å prøve ein slags kampsport, og det var verkeleg så morosamt som eg hadde sett for meg. Og med ganske gode tilbakemeldingar frå instruktøren vi hadde fristar det faktisk å utforske denne idretten litt meir.

Den siste tida har eg også brukt på å øve til ein musikal som skal settast opp på Kulturhuset i Fagernes i februar. Sidan eg korkje kan å synge eller danse, skal eg heldigvis vere med som skodespelar. Innhaldet i musikalen er fleire små forteljingar frå dagleglivet i Afrika, og inntektene skal gå til ungdommar i Lushoto i Tanzania.

I førjulstida har vi også hatt juleball på skulen. Sjølv om det er utruleg deilig å ha ei litt slaskete påkledning når ein går på folkehøgskule, er det veldig kjekt når alle for ein gongs skuld tek på seg finstasen!



Klassebilete på juleball

Og plutselig vart det juleferie, og eg reiste heim med utruleg mange gode minner og opplevingar frå eit innhaldsrikt halvår i Valdres. Og sjølv om eg ventar på at det skal dale ned kvite snøkrystallar frå himmelen er det likevel veldig triveleg å ha juleferie og treffe familie og vennar som eg ikkje har møtt på lenge.



Eg og lillesøster Sophia har henta juletre, og satsar på at julestemninga kjem snikande, sjølv om snøen foreløpig manglar.

Til slutt vil eg ynskje alle saman ei hyggjeleg jul og eit godt nytt år!

PS: Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund 5,3.

- Christina

